



## Informasjon til føresette og ungdommar om ungdatabundersøkinga i Forsand 2019

I 2019 blir ungdatabundersøkinga gjennomført i Forsand kommune blant elevar i 8.–10. klasse. Tidligere har kommunen gjennomført undersøkelsen i 2010, 2013 og 2016. For at undersøkinga skal gje eit godt bilete av situasjonen i Forsand, er det viktig at så mange som mogleg deltek.

### HER FÅR DU INFORMASJON OM:

- **FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA**
- **KVA VI SPØR OM**
- **KORLEIS UNDERSØKINGA BLIR GJENNOMFØRT**
- **TID OG STAD FOR UNDERSØKINGA**
- **FRIVILLIGHEIT OG PERSONVERN**
- **KONTAKTINFORMASJON**

### FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

- Gje ungdommar i Forsand ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i kommunen
- Skaffe ny kunnskap om ungdommen sine oppvekstvilkår til bruk i kommunen sitt arbeid med denne aldersgruppa
- Gjere det mogleg å samanlikne kommunen med andre kommunar og nasjonale tal, og bidra til forskning

### KVA VI SPØR OM I UNGDATA

- Forhold til skulen, venner og foreldre
- Fritid og fritidsaktivitetar
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing
- Regelbrot, vald og rus
- Utdanningsnivået til foreldra

Du kan få tilsendt det fullstendige spørjeskjemaet ved å kontakte Kompetansesenter rus - region vest Stavanger (KoRus-Vest Stavanger).

### KORLEIS BLIR UNGDATA GJENNOMFØRT?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode.

### TID OG STAD FOR UNDERSØKINGA

Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av veke 10 til 12.

### DET ER FRIVILLIG Å DELTA

- Undersøkinga er frivillig.
- Dei som svarer, kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på.
- Føresette kan reservere seg mot at barna deira skal delta ved å gje melding til kontaktlæraren.

### PERSONVERN

- **Undersøkinga er anonym**, så det er ikkje mogleg å identifisere enkeltpersonar ut frå dei innsamla dataa.
- Det vil ikkje vere mogleg å kjenne att enkeltpersonar når resultatata frå undersøkinga blir offentleggjorde.

### BEREDSKAP

Skulehelsetenesta vil vere klar med beredskap etter undersøkinga for elevar som måtte trenge det.

### ANSVARLEGE FOR UNDERSØKINGA

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og KoRus-Vest Stavanger på oppdrag frå Forsand kommune.

### KONTAKTINFORMASJON

Kontaktperson i kommunen: Seksjonsleder Torill Idland tlf: 958 16 099, e-post: tid@forsand.kommune.no. Kontaktperson ved KoRus: Rådgiver Sven Gustafsson tlf: 942 05 590, e-post: gussve@rogaland-asenter.no.